



Norske Felleskjøp SA

Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2020/2021

13. august 2020

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge og sikre at omsetninga av norsk korn kan skje til målpris. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet.

Prognosen blir normalt oppdatert i september, november, mars og mai.

Tilgangsprognose

Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgang av norsk korn til matmjøl- og kraftfôrindustrien for sesongen 2020/2021:

Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2015-19	Tilgang 2019	Prognose 2020	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	162 200	205 800	209 000	129 %	102 %
Fôrkveite	178 500	224 000	145 000	81 %	65 %
Kveite i alt	340 700	429 700	354 000	104 %	82 %
Matrug	17 300	13 200	17 000	98 %	129 %
Fôrrug/rugkveite	22 200	37 500	34 000	153 %	91 %
Rug i alt	39 500	50 700	51 000	129 %	101 %
Bygg	515 000	540 100	506 000	98 %	94 %
Havre	248 600	218 200	253 000	102 %	116 %
Korn totalt	1 143 800	1 238 800	1 164 000	102 %	94 %
Erter	3 900	4 200	3 000	77 %	71 %
Oljefrø, åkerbønner	11 000	15 700	11 000	100 %	70 %
Korn, erter, oljefrø	1 158 700	1 258 700	1 178 000	102 %	94 %
Matandel kveite	48 %	48 %	59 %		
Matandel rug/rugkveite	44 %	26 %	33 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosert tilgang til industrien pr. august byggjer på arealprognose, estimerte avlingar pr. dekar korrigert for korn som går til såkorn og leigemaling og andel matkorn for kveite og rug.

Prognose for areal og arealfordeling

Prognosen legg til grunn at kornarealet i 2020 samla sett er uendra i forhold til i fjor. Fordelinga mellom kornslaga er prognose frå NIBIO basert på data for omsetning av såkorn. Det er gjort eige estimat for areal åkerbønner:

Arealfordeling 2015 - 2020 (dekar)							Endring frå 2019
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	
Haustkveite	375 711	114 213	302 794	99 275	426 143	267 000	-159 000
Vårkveite	480 096	552 434	453 771	485 939	375 570	465 000	89 000
Kveite	855 807	666 647	756 565	585 214	801 713	732 000	-70 000
Rug, rugkveite	104 104	45 460	83 628	33 166	92 842	98 000	5 000
Bygg	1 225 484	1 367 167	1 341 631	1 471 834	1 298 685	1 273 000	-26 000
Havre	629 935	758 377	672 555	694 421	547 400	637 000	90 000
Korn	2 815 330	2 837 651	2 854 379	2 784 635	2 740 640	2 740 000	-1 000
Oljefrø, åkerbønner	42 407	50 001	34 802	48 823	49 605	50 000	0
Korn/oljvekstar	2 857 737	2 887 652	2 889 181	2 833 458	2 790 245	2 790 000	0

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

Prognose for avling i kg pr. dekar

Avdelingar i Norsk Landbruksrådgiving har vurdert avlinga og gitt innspel pr. 10.08.2020.

Rådgjevarane har for nokre regionar gitt kommentarar til avlingsvurderingane:

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Øsaker:

«Vi tror det blir et tilnærmet normalår på korn. Det har vært en mild vinter med god overvintring av høstsådde vekster. Høsten i fjor var vanskelig med tanke på etablering av høstkorn grunnet de fuktige forholda. Det er også sådd betydelig mindre høstkorn i fjor enn året før. Det er tresket noe høsthvete og avlingene som er tresket er svært gode. Høstoljvekestene ser også ut til å gi gode avlinger. Vår- rapsen er nok noe mere ujamn og vi tror her at avlingsnivået på vårrapsen er noe lavere enn i fjor.

Vårkornet ble sådd tidlig og fikk en god etablering, men regnet som vi fikk i slutten av juni var nok i seneste laget for å få toppavlinger.

Tørken i juni som ble etterfulgt av en fuktig juli førte til mye etterrenning i vårkornet. Mest etterrenning er det i bygget, der vi nå har en generasjon med grønt bygg i modne byggåkre. Det er også en god del av dette i vårhveten, noe som kan føre til sein tresking og problemer med å opprettholde matkvalitet. Vi tror avlingsnivået ligger noe under fjoråret på bygg og vårhvete. Havren ser ut til å ha klart tørken noe bedre og her er det noe mindre etterrenning. Vi tror at havren er den som har klart seg best og ligger over avlingsnivået i fjor.»

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Hvam:

«Det er som vanlig stor forskjell fra jorde til jorde, og mellom ulike områder. I år var tørkeskadene klart størst i de østligste delene av Akershus.

Etterrenning gir store utfordringer i år på ganske stor del av kornarealet i Akershus. På areal hvor det var tørke i juni, har åkeren laget nye buskingsskudd. Disse skudda er fortsatt grønne mens hovedskudda nærmer seg modning. Mengden av etterrenning varierer fra ikke noe til at de utgjør største delen av avlinga. Der det er lite etterrenning, blir det tresket selv om åkeren kan se grønn ut på avstand. Der det er mye etterrenning må en vente på at buskingsskudda modnes. Det vil resultere i

dårlig kvalitet (spesielt hvis det blir mye regnvær), og mulig tap av avling ved dryssing. Vårhete med mye etterrenning vil neppe bli matkvalitet. Vi ser etterrenning i alle vårkornarter – jordart og tørke ser ut til å bety mer enn hvilken kornart det er.

Mye av høstkornet ble sådd seint høsten 2019, og plantene var små og svake i våres. En betydelig del ble harvet opp og sådd til med vårkorn. Mange høstheteåkre ble tynne og vil gi klart dårligere avling enn i fjor. Rug- og rugheteåkre har klart seg bedre.

Oljevekster: Høstrapsåkrene står veldig bra, men det er jo beskjedent areal i Akershus. Raps og rybs har blomstret i svært lang tid, noe som gir sein og ujevn modning.»

Norsk Landbruksrådgiving Østafjells:

«For hveten er det stor variasjon i høsthveten som er tresket. Noen åkre er tynne med moderat avling, mens andre er meget gode. Vårhveten er mange steder svært lovende.

Det er registrert en del sopp. Vi er usikre på hvordan dette vil påvirke avlingen, da vi samtidig ser mye godt matet korn.

Mye havre er svært tett, men har også abortert en del, slik at antall korn per plante er moderat i en del åkre.

Anslag for oljevekster er svært usikre.

Med en ubetydelig andel høstet, er usikkerheten i anslagene generelt stor.»

Norsk Landbruksrådgiving Innlandet, Blæstad:

«Generelt gjelder at mye ble sådd tidlig og at vi derfor kan forvente god uttelling av det. Tørke i juni har begrensa planta, ref. mye etterrenning i enkelte områder, spesielt i bygg, men også i hveten og havren over kuler.

Noe bygg er treska, så langt er de fornøyde de som har prøvd seg og melder om både normal avling og bedre enn normalt.

Det som er av høsthete, ser bra ut. Ikke noe treska enda.

Havren er stort sett kommet langt i modninga og det første som ble prøvd treska på Stange var havren.»

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Roverud:

«Når det gjelder avlingsutsiktene på bygg og havren ser jordart ut til å ha større innvirkning enn kornart. Den tørkesterke siltjorda har klart seg bra, men på de mer tørkeutsatte jordartene ser vi mer etterretning og ujevn modning. Sein våronn og fuktige forhold høsten 2019 førte til at det ble sådd forholdsvis lite høstkorn i fjor. En betydelig andel av høsthveten som ble sådd måtte harves opp igjen i vår. Rughveten har klart seg betydelig bedre.

I fjor hadde vi store utfordringer med at det var alt for bløtt flere steder. I år ser det ut til at etterrenning blir hovedutfordringen.»

Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Sør):

«På grunn av tørken i juni ble det noe tvangsmodning på det tidligst sådde og ujevn spiring på det sist sådde kornet. Dette varierer mye med jordtypene, moldinnhold og fuktforholdene. Vi har nå fått en del arealer med seine grønne buskingsskudd i ellers gul og snart moden åker. Det blir krevende å klare å fange opp all avlinga til "riktig" tid.»

Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Nord):

«Det er alltid vanskeleg å lage ein god prognose, men om muleg er det enda større utfordringar i år enn vanleg. Variabel såtid, tørke og stor variasjon i mengde etterrenning gir store utfordringar. Kveite og havre ser bra ut. Det er bygg som er utfordringa. Det store spørsmålet er kor stor avling etterrenninga som kom i siste halvdel av juli bidreg med. Tida vil vise.»

Prognose for avling

Tabellen under viser historiske avlingar pr. dekar og prognosert avlingsnivå:

Avling, kg/dekar

Kornslag	2015	2016	2017	2018	2019	Ti års snitt	Prognose 2020	I forhold til 2019	I forhold til ti års snitt
Kveite	574	465	531	236	560	450	501	90 %	111 %
Rug	635	509	598	238	552	473	527	95 %	111 %
Bygg	414	465	462	300	442	390	427	96 %	109 %
Havre	452	473	424	226	425	378	415	98 %	110 %
Totalt korn	479	468	478	267	477	406	447	94 %	110 %
Oljefrø, åkerbønner	245	229	298	149	317	217	213	67 %	98 %

Matandel og fordeling av matkveite pr. proteinklasse

Fordelinga av tilgangen av kveite og rug mellom mat- og fôrkorn blir sterkt påverka av vêret før treskinga og er uråd å estimere så tidleg i august. Matandelen tek difor vanlegvis utgangspunkt i ti års medianverdi for matandel. Denne er 59 % for kveite. For rug er medianverdien 52 %, men problem med mjølauke i rug dei siste åra har gjort at fleire no dyrkar rugkveite som går til fôr i staden for rug. Dette har redusert den samla matandelen for rug/rugkveite og denne er i prognosen sett som gjennomsnittet for dei siste tre åra, dvs. 33 %.

Forbruksprognose

Foredling av matkorn i Norge

Prognosen for totalt forbruk av matkorn hos norske matmjølmøller er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med juni i år. Over tid har forbruket gått ned år for år.

Forbruket av matkveite og -rug har hatt ein auke i forbruk i 2020 som følgje av koronapandemien. Matmjølmøllene vurderer at effekten av dette kan vere stabilisering av foredlinga av matkveite på same nivå som i 2019/2020. Også forbruket av rug er i prognosen justert opp i forhold til trendutviklinga, med same prosentandel som matkveite – dette gir mindre reduksjon i forbruket.

Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose for resten av 2019/2020 og for ny sesong 2020/2021.

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020*	267 264	18 977	3 176	41 810	331 227
Prognose 20/21	267 300	17 500	3 300	43 000	331 100
Endring	0,0 %	-7,8 %		2,8 %	0,0 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Produksjon av kraftfôr

Forbruksprognosane for kraftfôr baserer seg på statistikk for omsetning av kraftfôr til og med 2. kvartal i år og for statistikk og prognosar for leveransar av husdyrprodukt opp mot trend for forbruk av kraftfôr pr. kg husdyrprodukt. For 2021 er anslaga for husdyrproduksjon førebels mangelfulle og prognosen legg for desse periodane til grunn gjennomsnittleg husdyrproduksjon i dei tre respektive føregåande kvartala når det gjeld kjøtt og egg. For mjølk er det gjort ein skjønsmessig reduksjon med bakgrunn i omtalte endringar i mjølkemarknaden.

Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i år og til og med 3. kvartal neste år er prognosert under:


Kraftfôrromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	1 966 973
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20*	1 017 000	463 000	480 000	16 900	1 976 900
Prognose 20-21	1 060 000	450 000	478 000	17 000	2 005 000
Endring	4,2 %	-2,8 %	-0,4 %	0,6 %	1,4 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Suppleringsimport av karbohydratråvarer til kraftfôr

Norsk fôrkorn dekkjer ein del av råvareforbruket til kraftfôr, men må supplerast med importert korn eller andre karbohydratråvarer. I tillegg blir det importert protein-, feitråvarer, vitaminar og mineralar. Det er suppleringa av karbohydrat som blir estimert i denne prognosen.

Det totale forbruket av karbohydratråvarer (inklusive korn) blir rekna ut frå den totale prognoserte produksjonen av kraftfôr ovanfor og prognosert andel karbohydrat i kraftfôret. Denne karbohydratandelen blir normalt estimert med bakgrunn i kvartalsvise forbruksdata som industrien gir til Landbruksdirektoratet. To sesongar med høg andel karbohydrat dels som følgje av proteinrikt norsk korn, gjer trendframskriving vanskeleg. Figuren viser registrerte data:



I sesongen 2019/2020 vil andelen ligge nær 71,5 %. I prognosen er det anslått ein andel på 71,0 %. Dette gir følgjande prognoserte forbruk av karbohydratråvarer i kraftfôr i sesongen:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
Forbruk		
Kraftfôrsal	2 005 000	
Andel karbohydratråvare	71,0 %	
Behov karbohydratråvarer		1 424 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		54 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 370 000

Minste import av karbohydratråvarer

Norske Felleskjøp har vurdert minste behov for import av matkorn og kornråvarer til kraftfôr (karbohydratråvarer).¹

¹ Rapport «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport 01.12.2017		Denne sesongen	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Kraftfôromsetning	2 002 929		2 005 000	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	75 000	90 000
Behov for mais	50 000	70 000	50 000	70 000
Behov for melasse	60 000	60 000	60 000	60 000
Behov for økologisk vare		15 000	15 000	15 000
Behov for kveite	200 000	250 000	200 000	250 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	50 000	70 000
Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer	435 000	555 000	450 000	555 000
Norsk fôrkveite	-190 000	-190 000	-190 000	-190 000
Norsk kli	-50 000	-50 000	-50 000	-54 000
Suppleringsbehov karbohydratråvare	195 000	315 000	210 000	311 000
Tilgang karbo gjennom bilaterale kvoter (tollfritt)	-65 000	-65 000	-65 000	-65 000
Tilgang kli via MUL-import (tollfritt)	-7 000	-7 000	-7 000	-7 000
Minimumskvoter til auksjon	123 000	243 000	138 000	239 000

Prognosert produksjon av kraftfôr og karbohydratandel gir følgjande potensielle rom for norsk fôrkorn i sesongen:

Minimusbehov for import av karbohydrat (tonn)	Minimum	Robust
Minstekvote for auksjon i sesongen	138 000	239 000
+ Kvoter for mais og maisgrits - EU	25 000	25 000
+ Kvote for roemelasse - GSP	40 000	40 000
+ MUL; importert og lisensiert import rest av sesong	7 000	7 000
Minimumstilgang til import i sesongen	210 000	311 000

Det teoretiske rommet for norsk korn med gitt bruk av råvarer til kraftfôr og definert minste importbehov er vist i tabellen under:

Rom for norsk korn (tonn)	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat	1 370 000	1 370 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-210 000	-311 000
Teoretisk rom for norsk fôrkorn	1 160 000	1 059 000

Det er prognosert mindre tilgang av norsk fôrkorn enn teoretisk rom for fôrkorn, jamfør nedanfor. Industrien sitt behov for særskilde råvarer kan difor bli dekt utan å fastsette minsteimport.

Fordeling av tilgangen av norsk korn

Det er overlagra 15 400 tonn matkveite frå den førre sesongen.

Havre og bygg til humankonsum blir sortert ut frå den samla tilgangen. Vidare blir ein mindre del matkveite blir brukt til kraftfôr.

Fordelinga av tilgjengeleg norsk korn

Klassefordeling av matkveiten basert på omsetninga av såkorn og korreksjon for bruk av overliggende såkorn er vist under. Med gitte føresetnadar om forbruk blir det overskott av matkveite som kan medføre behov for tiltak mot overskott i form av overlaging eller prisnedskrivning til fôr:

Fordeling av matkveiten (tonn)

	Tilgang ny og overlagra matkveite	Klassefordeling tilgang totalt	Forbruk	Regulering	Fordeling etter regulering
Klasse 1	73 000	33 %	73 000	-	41 %
Klasse 2	17 000	8 %	17 000	-	9 %
Klasse 3	44 000	20 %	44 000	-	25 %
Klasse 4	35 000	16 %	35 000	-	20 %
Klasse 5	52 000	24 %	10 000	(42 000)	6 %
I alt	221 000	100 %	179 000	(42 000)	100 %

I prognosen er det føresett at overskott av haustkveite blir omdisponert til fôr. Tabellen under gir oversikt over den forventa fordelinga av kornet i sesongen.

Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Matkveite	Matrug	Fôrkveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra frå sesongen før	15 000	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	209 000	17 000	145 000	34 000	506 000	253 000	938 000
Matkorn til fôr/fôrkorn til mat	-3 000		3 000		-3 000	-40 000	-40 000
-Omdisponering matkorn	-42 000		42 000				42 000
Tilgjengeleg	179 000	17 000	190 000	34 000	503 000	213 000	940 000

Importbehov av karbohydratråvarer til kraftfôr

Basert på tilgangen av norsk korn får vi følgjande behov for supplering i form av importerte karbohydratråvarer i sesongen:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)	
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)	1 373 000
Rom for norsk fôrkorn	1 160 000
Prognosert forbruk av norsk fôrkorn	940 000
Bruk av norsk korn til kraftfôr korrigert **)	-931 000
Underdekning av karbohydratråvare totalt	442 000

*) Importert karbo ikkje brukt i kraftfôr 3 000 tonn **) Svinn 1,0 %

Dette gir ein andel norsk korn og kli i samla kraftfôrproduksjon på 49 %.

Underdekning av matkorn

Importkvota for matkorn vert gitt som ei samla kvote. Som grunnlag for den samla importkvota er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Det er underdekning av økologisk grynhave og det trengs import, estimert til 3 000 tonn. Ut frå forventa forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere behov for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	267 300	17 500	3 300	43 000	331 100
Norsk matkorn	179 000	17 000	3 300	40 000	239 300
Underdekning matkorn	88 300	500	0	3 000	92 000
Andel norsk	67 %	97 %	100 %	93 %	72 %

Dette gir ein andel norsk matkorn i totalt norskforedla matmjøl på 72 %.

Forslag om importkvotar

Norske Felleskjøp foreslår importkvotar for Landbruksdirektoratet. Forslaga skal vere i samsvar med prognose. Ved tildeling av importkvotar kan Landbruksdirektoratet i augustauksjonen tildele mellom 25 og 55 % av prognosert importbehov i sesongen.

Forslag om importkvote for førkorn og andre karbohydratråvarer

På grunn av usikker andel matkorn i kveite og havre, er andelen av prognosert kvote tildelt i august sett til 35 %. Norske Felleskjøp foreslår følgjande tildeling av importkvotar for karbohydratråvarer i auksjonen i august:

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, august 2020 (tonn)	
Prognosert behov for import i sesongen	442 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-25 000
- Kvote for melasse - GSP	-40 000
Korreksjon for utnyttta MUL-lisensar i siste kvoteår	200
Suppleringsimport inklusive MUL-import	377 200
Importbehov sep-nov inklusive MUL-import	35 % 132 000
- MUL-lisensar august-november	-5 000
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	127 000

For import frå MUL-land er det fri tilgang til importlisensar. Lisensane gjeld for perioden august - juli. Denne importen skjer uavhengig av tollkvotetildelinga og må takast omsyn til ved utlysing av auksjon av kvote med redusert toll. Det er gitt tollfri kvote for sukkermelasse frå GSP-land på 40 000 tonn. Industrien har vidare tilgang til tollfri import av inntil 15 000 tonn mais og 10 000 maisgrits frå EU.

I august korrigerer vi også for at importen av MUL-varer i den førre sesongen er mindre enn tildelte lisensar.

Forslag om importkvote for oljefrø

Suppleringsimport av oljefrø vert fordelt på auksjonane i august og november. Forbruket gått ned dei siste åra, men det er signal om stabilisering. Sett mot prognosert tilgang av norskprodusert oljefrø,

korrigert for estimert 56 % andel åkerbønner og estimert forbruk til matolje, har bransjen behov for følgjande suppleringsimport i sesongen:

Importbehov oljefrø 2020/2021	
Forbruk til kraftfôr	8 700
- Tilgang norsk oljefrø	-5 000
+ Forbruk til matolje	1 400
Importbehov oljefrø	5 100

Underskottsområda har trong for tilførsel av importert oljefrø frå starten av sesongen og Norske Felleskjøp foreslår å tildele 55 % av kvoten i august. Dette gir ei kvote på 3 000 tonn.

Forslag om importkvote for matkorn

Norske Felleskjøp har lagt til grunn at 40 % av sesongbehovet blir tildelt i august, som gir følgjande importkvote:

Prognosert suppleringsimport matkorn, august 2020 (tonn)	
Prognosert importbehov, sesong	92 000
- Import under kvoter for durumkveite	-1 400
Suppleringsimport inklusive MUL-import	90 600
Importbehov inklusive MUL-import	40 % 36 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	36 000

Det er ikkje søkt om MUL-lisensar for import av matkorn, men det er lagt til grunn at import av durumkveite blir som i 2019 då det vart importert 1 400 tonn.

VEDLEGG

Oversikt over tilgang tidlegare år:

Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Total	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Total rug/ rugkveite
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	218 538	152 437	370 976	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 774	223 960	429 734	13 200	37 534	50 735
Prognose	209 000	145 000	354 000	17 000	34 000	51 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite ¹⁾
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	540 141	218 183	1 238 793	4 222	15 667	26 820
Prognose	506 000	253 000	1 164 000	3 000	11 000	-

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Bliir rekna som fôrrug i statistikk og prognose